# MÅNADSPLAN STUGU - FEBRUAR

| Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | V |
|---|---|---|---|---|---|
|  | | 01.02.12 | 02.02.12<br>06 og 07 gr  | 03.02.12<br>Smøre sjølv <br>Hussamling  | 5 |
| 06.02.12<br>Samefolkets dag  | 07.02.12<br>06 gr<br>biblioteket  | 08.02.12 | 09.02.12<br>06 og 07 gr  | 10.02.12<br>Smøre sjølv <br>Hussamling  | 6 |
| 13.02.12 | 14.02.12<br>07 gr<br>biblioteket  | 15.02.12<br>Turmix i<br>alderslike gr  | 16.02.12<br>06 og 07 gr  | 17.02.12<br>Smøre sjølv<br>Og<br>fastelavensbollar <br>Hussamling  | 7 |
| 20.02.12 | 21.02.12<br>Karneval  | 22.02.12 | 23.02.12<br>06 og 07 gr  | 24.02.12<br>Smøre sjølv <br>Hussamling  | 8 |
| 27.02.12 | 28.02.12 | | **MÅNADENS SPRÅKRÅD**<br>Prat om ord som rimar. Les vers med ord som rimar og legg vekt på rimeorda.  | | 9 |

## *SEA SIST*

Januar månad har flydd av gårde og plutselig har me kome til februar.

I januar har me spist ut jula ,som er ein fast tradisjon å gjere 13. dag jul og som ein skikkelig avslutning på jula slukka me lyset på juletreet. ☺

Me starta opp med å ha 06 – og 07 – gruppe kvar torsdag. Dette valgte me sea alle ungane har dag denna dagen.

Biblioteket vart besøkt, noko som er like kjekt og spanande kvar gong.

Sola har kome attende til barnehagen og det har me feira med å ha solfest. Me har mala, teikna og forma med solfargar og på solfesten som var måndag 16. januar var me alle kledd i solfargar og hadde på oss solhattar som ungane hadde laga. Me hadde langbord inne på Stugu og me håpte på at sola skulle dukke opp i vinduet, men den gang ei. Men sjølv om sola ikkje kom mens me åt mat så vart me ikkje skuffa, for når me skulle kle på for å gå ut dukka det opp solstrålar inn gjennom glaset i garderoben! Det vart stor jubel på Stugu! ☺ ☺ ☺

Når me hadde sola som tema vart det vist filmsnuttar og bildeseriar på midtrommet og me hadde om sola i samlingane på Stugu. Interessen blant ungane var så stor at det utvikla seg meir og meir, så til slutt begynte me å snakke om verdensrommet og då hovedsakleg om solsystemet vårt. Me har laga ein modell av solsystemet som heng i taket på Stugu. Modellen er laga av Cathrine og skal være eit utgangspunkt for samtale blant ungane og dei vaksne.



## *INFO FEBRUAR 2012*

**Matlaging**
Matlaging utenom smøre sjølv denna månaden er knytt opp mot dei to temaene «Karneval» og «Samefolkets veke». Me skal lage fastelavnsbollar og ha pølser på karnevalet. På samefolkets dag skal me lage finnbiff. Dette er ein smak så alle må ha med seg matpakke.

**Samefolkets dag / veke**
Samefolkets dag er mandag 6.02. Me markerer dagen med samling og Finnbiff. I tillegg har me samar som tema heile veka. Me ser i bøker, bruker internett, ser filmsnutter, synger sangar og les eventyr og fortellingar om samar. Om det er nokon som har samiske rekvisitter dei har lyst til å vise fram eller kanskje nokon har bilder av samar så er det bare å ta det med i barnehagen.

**06 og 07 – gruppe**
Me fortsett med 06 – og 07 – grupper kvar torsdag. 06 – gruppa jobbar med skuleførebuande aktivitetar og prosjektet sitt medan 07 – gruppa jobbar med prosjektet «Dyrene i afrika».

**Bibliotek**
06 – gruppa skal på bibliotekbesøk tysdag 7. februar og 07 – gruppa tysdag 14. februar. Me går frå barnehagen kl 10.00. Viktig at alle er i barnehagen til den tida.

**Karneval**
Det er Karneval i barnehagen tysdag 21.02. Tema er «Eventyr». Eigen info kjem.

**Vinterferie veke 9**
Om det er nokon som skal ha ferie / fri i vinterferieveka er det fint om me i barnehagen får beskjed om det. Liste blir hengt opp på døra i garderoben

**Solsystemet**
Etter at me hadde hatt om temaet «sola» vart det ganske tydeleg at ungane på Stugu var veldig interessert i planeter og solsystemet jorda er ein del av. Detta har no blitt eit prosjekt som me blir å jobbe mykje med framover. Om det er nokre foreldre / besteforeldre eller bekjente som kan ein del om dette temaet er dykk hjarteleg velkomne til å dele det med oss. I tillegg ynskjer me å få tak i informasjon om solsystemet. Er det nokon som har modellar, bileter ol. Så tar me gjerne imot det på Stugu!! ☺

*Bernt Ivar, Eirin, Cathrine, Aud Haldis, Tone, Astrid og Katja.*